

## Saksprotokoll i fylkestinget - 13.10.2015

**Tom Skauge** sette fram slikt forslag (a):

1. "Tillegg:  
.....men meiner den auka kapasiteten ikkje gjev eit godt nok tilbod til reisande som vel å la bilen stå.
2. Nytt punkt 2:  
Fylkesutvalet meiner det er ei hastesak å sleppe bussane køfritt fram med kollektivfelt på dei fire-felts innfartsårene til Bergen sentrum."

**Tom Skauge** sette på vegner av SV fram slikt oversendingsforslag (b) til samferdselsutvalet:

"Tidsdifferensierte bompengar:  
Fylkestinget ber om at det vert utgreidd ein modell som ikkje er provenynøytral."

**Natalie Golis** sette fram slikt forslag:

"Nytt punkt:  
Et felt på alle firefelts innfartsårer omgjøres til kollektivfelt under rushtiden."

### Røysting

Skauge sitt forslag (b) vart oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Skauge sitt forslag (a) fekk 28 røyster (SV, A, MDG, KrF, Sp) og fall.

Golis sitt forslag fekk 4 røyster (MDG, SV) og fall.

### Vedtak

Fylkestinget tek gjennomgangen av kapasiteten i kollektivtilbodet i Bergensområdet, samt planlagde tiltak for å auke kapasiteten, til orientering.